

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne		14/582

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
16/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014
23/2014	Kommunestyret	PS	09.04.2014

Søknad om spelemidler - lokale kulturbygg - modernisering av kjøkken på Framtun

Vedlegg:

Revidert finanseringsplan rehabilitering kjøkken Framtun

Vedlegg 2 Detaljert Prosjektbudsjett

Vedlegg 4a Driftsplan ULF 2014_14

Vedlegg 1c Perspektivtegning-25_4

Vedlegg 1b Perspektivtegning-24_3

Vedlegg 1a Plantegning - kjøkken

Spelemiddelsøknad

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ungdomslaget Framsteg ønsker å rehabilitere kjøkkenet på Framtun, anleggsnr 1256004601. Dei har søkt om spelemidler til kulturbygg med kvittering datert 9.2.2014. Totalkostnaden er kr 465 669 og ein kan søke om inntil 1/3 i spelemidler. Frist for endeleg innsending til Hordaland fylkeskommune er 15.3.

Vurdering

Framtun er eit svært viktig kulturbygg og samlingshus nord på Holsnøy. Bygget blir blant anna brukt til ungdoms- og fritidsklubb, lokalkino, konsertar, markeringar og utleige. Bygget er frå 1935, men hadde ikkje eit kjøkken før rundt 1970. Sidan har kjøkkenet blitt heldt ved like med mindre utskiftingar og innstallering av ventilasjon. Framtun er eit sentralt samlings- og kulturhus i Rossland/Vikebø-området og har ein svært viktig funksjon i lokalmiljøet. For å kunne fortsette å vere aktuelt for bruk og utleige er det behov for eit nytt og moderne utstyrt kjøkken tilpassa dei krava ein har i dag og i framtida. Laget vil òg bruke kjøkkenet til matlagingskurs for barn og unge. Økonomien i UL Framsteg er god, men det er naudsynt med eit moderne kjøkken for å kunne oppretthalde utleigen og bruken av Framtun. Drifta av huset er avhengig av utleige.

Tiltaket skal finansierast slik: Totalkostnad kr 446 669. Spelemidler kr 155 223, dugnad kr 56 000, kommunale kulturmidlar frå 2013 kr 20 000, egenkapital kr 234 446.

Konklusjon

Rehabilitering av kjøkkenet på Framtun vil styrka bygget som kultur- og samlingshus. Ungdomslaget Framsteg vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er nord i Meland kommune. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg.

Framlegg til vedtak:

«Ungdomslaget Framsteg sin spelemiddelsøknad om kr 155 223 – 1/3 av totalkostnad på kr 465 669 – til spelemidlar til lokale kulturbygg blir godkjend. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg»

Utval for levekår - 16/2014

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Ungdomslaget Framsteg sin spelemiddelsøknad om kr 155 223 – 1/3 av totalkostnad på kr 465 669 – til spelemidlar til lokale kulturbygg blir godkjend. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg.

Kommunestyret - 23/2014

KS - behandling:

KS - vedtak:

Ungdomslaget Framsteg sin spelemiddelsøknad om kr 155 223 – 1/3 av totalkostnad på kr 465 669 – til spelemidlar til lokale kulturbygg blir godkjend. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg.

, den 10.02.2014

Eirik Bouwer Utne
kulturkonsulent